



Referat frå kommunemøte måndag 30. mars

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane, Fylkesmannen, helseføretaka og fylkeskommunen, Sivilforsvaret, Nav

Ikkje til stades: Etne kommune, Fitjar kommune og Årdal kommune

1. Informere/presisere

Nytt telefonmøte med kommunane førstkomande torsdag 2. april kl. 14.30. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 14.15.

Fylkesmannen legg òg opp til møte måndag 6. april. Dersom det kjem anna informasjon som vi treng å få ut til kommunane kan det verte innkalla til møte onsdag 8. april.

2. Rapportering

Fylkesmannen rapporterer til DSB kvar tysdag. Vi har ikkje pålagt kommunane å rapportere til oss. Fylkesmannen er likevel avhengig av å få beskjed til oss dersom kommunane opplever problem, utfordringar eller avvik som kan ha betydning for situasjonsbiletet i fylket.

3. Tilbod om tilsyn/undervisning i påska

Vi har vidaresendt spørsmål til Utdanningsdirektoratet, om det vil kome nasjonale føringar for tilbod om tilsyn/undervisning i påskeveka, og kva dei eventuelt vil vere. Vi ventar på svar, og i mellomtida må kommunane vurdere om det er naudsynt for dei å få på plass ei lokal tilsynsordning i denne perioden, for å sikre at personell med samfunnskritiske funksjonar kan stå i arbeid.

4. Orientering frå Nav

Nav har 4 010 registrerte sjukefråvær som kjem av diagnosen Covid-19. Vi har den høgaste arbeidsløysa i Noreg i moderne tid. Ti prosent av arbeidsstokken er arbeidslause/permitterte. Dette ser Nav igjen i den auka saksmengda, der det mellom anna er stor auke i dagpengesøknadar. Nav førebur seg på at denne situasjonen kan vare ei stund.

Arbeidsoppgåvene som er prioriterte hjå Nav i denne situasjonen er:

- Få ut informasjon
- Inntektssikring
- Handtere permitteringar
- Behovet for arbeidskraft

Forskot på dagpengar: Det har kome på plass ei digital løysing der ein kan søke om forskot på dagpengar, slik at ein kan få utbetalt dagpengar før søknaden om dagpengar er handsama. Dersom ein sender inn slik søknad innan 31. mars, vil ein truleg få pengane i starten av april. Dette gjeld ikkje sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar.



Forskot på dagpengar: Det har kome på plass ei digital løysing der ein kan søke om forskot på dagpengar, slik at ein kan få utbetalt dagpengar før søknaden om dagpengar er handsama. Dersom ein sender inn slik søknad innan 31. mars, vil ein truleg få pengane i starten av april. Dette gjeld ikkje sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar.

Refusjon av sjukepengar: Stortinget har vedteke å refundere sjukepengane frå dag fire dersom arbeidstakaren er sjukmeld på grunn av koronaviruset. Arbeidsgjevar skal framleis utbetale dei seksten første dagane, og deretter søke om refusjon. Det vil kome eit nytt søknadsskjema for dette. Det er sett ein utvida frist på ni månader for innsending av søknadar om refusjon.

Tilsette i varig tilrettelagt arbeid (VTA): Det er opp til arbeidsgjevaren om dei vil utbetale bonusløn. Det vil seie at dersom arbeidsgjevaren ikkje utbetalar bonuslønna vil arbeidstakaren måtte rekne desse pengane som tapt. Uføretrygd vil utbetalast som vanleg. Nav har ikkje oversikt over kven av bedriftene som betalar eller ikkje utbetalar bonusløn.

Arbeidsavklaringspengar: Dei som har arbeidsavklaringspengar vil behalde desse sjølv om tiltaka ikkje kan gjennomførast i perioden.

Omsorgspengar: Stortinget vedtok 20.03.20 å doble talet på omsorgsdagar. Det gjeld fram til 31.12.20.

- 20 omsorgsdagar per kalenderår når du har eitt eller to barn
- 30 omsorgsdagar per kalenderår når du har tre eller fleire barn
- Ved avtale om delt bustad, 20 eller 30 dagar kvar avhengig av tal barn
- Åleineforsørgjar, dagane vert dobla

Jobbar som det skal tilsetjast folk i: Nav arbeider med korleis dei skal iverksette NAV-loven § 11 om beredskap i Arbeids- og velferdsetaten.

Ny rettleiar for økonomisk stønad: Denne er sendt ut til kommunane. Rettleiaren finn de her: <https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/samarbeid/for-kommunen/nyttig-a-vite/koronavirus--informasjon-til-kommunene/koronavirus--veileder-for-behandling-av-saker-om-okonomisk-stonad-under-pandemien>

Kvar finn ein informasjon?

Informasjon om koronarelaterte spørsmål til befolkninga er samla på nettsida

<https://www.nav.no/person/koronaveiviser/>. Informasjonen vert fortløpande oppdatert. Det er ein eigen telefon og «chatbot» for arbeidsgjevarar.

[Arbeidsplassen.no](https://www.arbeidsplassen.no) er ein nettstad der arbeidsgjevarar kan leggje ut ledige stillingar, og arbeidssøkarar kan opprette profil kor dei skildrar sin kompetanse. Denne er godt nytta i dag, og det ligg ute mange ledige stillingar.

5. Landbruk – utanlandske sesongarbeidarar

I månadene som kjem vil det vere behov for mange sesongarbeidarar. I den situasjonen vi står i no kan det vere krevjande å få arbeidskraft til fylket, og ivareta tilstrekkeleg omsyn til smittevern. Ei utfordring frå eit smittevernperspektiv er at mange sesongarbeidarar bur tett i brakkeriggjar. For små kommunar er det utfordrande å få tilførsel av mange sesongarbeidarar, ettersom dei ikkje har eit helsevesen som har kapasitet til å ta seg av eit slikt omfang.



Grunna den høge arbeidsløysa er Regjeringa opptekne av å bruke norsk arbeidskraft, noko som kan redusere utfordringar knytt til innkvartering og smittevernomsyn.

Regelverk og føringar kan fort endre seg, så det er viktig at ein held seg oppdatert.

Fylkesmannen har publisert ein artikkel med relevant informasjon og lenker. Artikkelen vert fortløpande oppdatert. Her vert det svara på spørsmål, i den grad det er råd å gi generelle svar og presiseringar frå Fylkesmannen. Artikkelen er tilgjengeleg her: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/landbruk-og-mat/jordbruk/koronavirus-og-sesongarbeid-i-landbruket/>

På møtet vart utfordringar med å få utanlandskarbeidskraft inn i Noreg drøfta. Rett etter møtet informerte Justisminister Monica Mæland om at det har blitt fastsett endringar i bortvisingsforskrifta. EØS-borgarar som skal arbeide i landbruket vil få adgang til å kome inn i Noreg. Karantenereglane vil framleis gjelde. Les meir om endringa her: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/innreisemuligheter-for-eos-borgere/id2695783/>

6. Ny forskrift som samlar smitteverntiltak

I statsråd på fredag vart det vedteke ei forskrift om smitteverntiltak m.v., som er ei samleregulering for karantenereglar som vart gjort 12. mars.

For heile forskrifta sjå her: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-27-470>

Vi oppmodar kommunane om å følgje med på forskrifter og retningslinjer som kjem nokså fortløpande frå nasjonale styresmakter.

7. Rettleiar om lokale karantenereglar

Regjeringa la søndag fram ein rettleiar om bruk av kommunale karantene- og innreisereglar

Rettleiaren finn de her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-i-42020--veileder-til-kommunene-om-lokale-karanteneregler-eller-innreiserestriksjoner-i-forbindelse-med-utbruddet-av-covid-19/id2695647/>

Alle kommunar som vurderer å gjera nye vedtak etter smittevernlova, må setje seg inn i og følgje rettleiaren. I rettleiaren er det laga ei liste over tiltak som skal unngåast, til dømes tiltak som rammar:

- Kritiske samfunnsfunksjonar
- Inn- og utpendling
- Gjennomreise
- Born med delt bustad
- Person- og varetransport
- Produksjon i verksemder

Departementet presiserer at hastevedtak frå kommunelegen berre kan gjelde for sju dagar. Dersom eit hastevedtak frå kommunelegen skal forlengast, er det kommunestyret som må forlenge vedtaket, med mindre kommunestyret har delegert høve til å ta avgjerd etter smittevernlova til formannskapet eller eit anna organ i kommunen.



8. Hytteforbodet

Vi har merka oss at det er stort trykk på kommunane med spørsmål om «hytteforbodet». Kommunane har eigentleg ikkje noko rolle i forskrifta og kan vise spørsmåla vidare, til dømes til Fylkesmannen. Fylkesmennene har teke spørsmål om tolking av forskrifta opp med Helsedirektoratet og Helse- og omsorgsdepartementet, som seier at det skal kome fleire avklaringar før påske.

Fylkesmannen har gjeve råd om at den faktiske bruken bør vere styrande for kva som er rekna som overnatting på fritidseigedom. Pendlarovernatting eller beredskapsovernatting for til dømes Raudekrossen er noko anna enn fritidsbruk.

Generelt ser Fylkesmannen få problem med at kommunen kan gjere lokale vedtak som stengjer campingplassar eller båthamner med felles sanitæranlegg, etter ei konkret vurdering etter smittevernlova. Kommunane må i så fall gå fram i tråd med den nasjonale rettleiaren. Å forby overnatting i båt utanfor heimkommunane, vil vere vanskeleg etter smittevernlova, men det er nasjonal merksemd om dette spørsmålet og mogleg at det kjem fleire føringar frå staten etter kvart.

9. Omdisponering av personale frå barnehage til helse- og omsorg

Ein del tilsette i barnehagar har blitt omdisponert til mellom anna pleie- og omsorgstenestene og i utvida reinhald. Vi har fått spørsmål om kommunane har høve til å avgrense opning av barnehagar for å unngå å måtte tilbakeføre det omdisponerte personellet.

Barnehagelova § 8 regulerer kommunen si plikt og individet sin rett til barnehagetilbod. Kommunen pliktar å gi eit forsvarleg tilbod om barnehage. Denne plikta gjeld uavhengig av behov i pleie- og omsorgstenestene. Manglande ressursar må løysast på annan måte enn ved å avgrense tilbodet i barnehagar.

10. Ny rutine frå Helsedirektoratet om fordeling av smittevernutstyr

Helsedirektoratet sendte ut ei ny rutine for fordeling av smittevernutstyr før helga. Innhaldet i denne endrar ikkje på rutineane som er satt for fordelingsarbeidet i Vestland, der dette skjer i samhandling mellom helseføretaka og kommunane. Fylkesmannen deltek på møta og overser arbeidet.

Det er satt opp ein fordelingsnøkkel der helseføretaka får 70 %, kommunane får 20 % og dei resterande 10 % fordelast etter særskilte behov/buffer. Kvar kommuneregion skal først fordele internt ved mangel i ein medlemskommune, deretter løfte saka til koordineringsgruppa ved ytterlegare behov og manglar.

Vi er kjende med at fleire kommunar har gått saman om å lage koronasenter. Der det er gjort må kommunane samarbeide om å skaffe seg tilstrekkeleg utstyr.

Det vart i møtet retta noko kritikk til fordelingsnøkkel, ettersom nokon av kommunane frykter at dette vil føre til at dei får for lite utstyr. Per dags dato må vi ta utgangspunkt i dei føringane som er gitt, men vil ved behov sjå på om det er naudsynt å gjere justeringar. Det er viktig å halde på dialogen og samordninga mellom helseføretaka og kommunane.

Det har kome inn forsyningar til det nasjonale lageret, men desse må pakkast om og distribuerast ut til helseføretaka før dei kan sendast vidare til kommunane. Det vert jobba med å få ut desse forsyningane så raskt som mogleg.



NB! Etter samtale med Helsedirektoratet 31. mars har vi blitt enige om at det er tilstrekkeleg at kommunane rapporterer på behov og forbruk av smittevernutstyr x 1 per veke inntil vidare.

11. Rapportering på tal moglege sengeplassar i kommunane

Helsedirektoratet har sendt ut brev til kommunane og bedt dei kartlegge tal moglege sengeplassar utover dagens sengeplassar i kommunale helseinstitusjonar for å kunne auke kapasiteten i samband med COVID-19 utbrotet. Det som skal rapporterast på er ubrukte senger (overkapasitet), samarbeidsavtaler med andre kommunar og andre lokalitetar som kan brukast, til dømes hotell og brakker.

Kommunane skal bruke excel-fil som vart sendt ut saman med brevet, og sende utfylt fil til Fylkesmannen på adressa: siaha@fylkesmannen.no. Frist for innrapportering til Fylkesmannen er torsdag 2. april kl. 12.00.

Spørsmål om rapporteringa kan sendast til Beredskap@helsedir.no, jf. informasjon i brevet frå Hdir.

12. Tilgjengelegheit og behov for pulsoksymetre og medisinsk oksygen i kommunane

Etter bestilling frå Helsedirektoratet sendte Fylkesmannen måndag kveld ut ein eigen e-post til kommunane der vi ber om at dei registrerer status og behov for utstyr relatert til behandling med oksygen.

Vi ber om at alle kommunane rapporterer innan klokka 12.00 fredag 3. april i følgjande skjema: <https://fylkesmannen.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/skjult/innmelding-oksygen>

13. Rettsgrunnlag for gjennomføring av smitteverntiltak overfor pasientar og brukarar i den kommunale helse- og omsorgstenesta

Helsedirektoratet har sendt ut oversyn og rettleiing om rettsgrunnlag for gjennomføring av karantene, isolasjon og andre aktuelle tiltak mot pasientar og brukarar i helse- og omsorgstenesta.

Søknad om å godkjenne institusjonar i kommunar til bruk for isolasjon skal sendast til Helsedirektoratet på adressa askrise@helsedir.no og merkes med saksnummer 20/9714

Sjå helsedirektoratet.no for meir informasjon: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus/anbefalinger-og-beslutninger>

14. Rutine ved hjartestans

Helse Bergen har endra sine rutinar ved hjartestans når det gjeld rutine fram til stansteam/ambulanspersonell kjem til. Det viktigaste er:

- For pasientar med påvist covid-19 smitte, mistenkt covid-19 smitte eller usikker covid-19 smitte gjennomførast det berre kompresjons-HLR (kontinuerlege brystkompresjonar) og eventuelt defibrillering, inntil stansteamet/ambulanspersonell kjem med utstyr for luftvegshandtering.



- Ein skal ikkje ventilere pasienten med munn-til-munn eller munn-til-pocketmaske av smittevernsyn. Helsepersonell som kan bruke ventilasjonsbag og maske med filter kan bruke dette før stansteamet eller ambulanse kjem.

Dette vil òg gjelde for allmennlegar og PLOMS.

15. Opning av skular - skuleskyss

Kommunane ønskjer informasjon så tidleg som mogleg for å kunna leggja til rette for skuleskyss når skulane opnar att. Både Fylkeskommunen og kommunane treng nokre dagar for å få skuleskyssstilbodet i gang att, sidan fleire sjåførar er permitterte osv.